

Reguleringsplan for Arbustøylen i Vågsli, del av Suistog, 99/4, 99/53 m. fl.

Føresegner Detaljregulering PlanID
20200007

Utarbeidd dato: 16.2.2022

Vedtatt i Vinje kommunestyre den: 14.09.23, sak 97/23

Seist revidert etter klagehandsaming 23.03.24, sak 37/24.




Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

	Fritidsbustad - frittliggjande
	Hotell/overnatting
	Skiløypetrasé
	Energianlegg
	Vassforsyningsanlegg
	Avløpsanlegg
	Renovasjonsanlegg
	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
	Uteoppheidsareal
	Leikeplass
	Bustad/forretning


Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)

	Veg
	Køyreveg
	Gatetun
	Annan veggrunn - tekniske anlegg
	Parkeringsplassar




Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)

	Turdrag
	Turveg
	Friområde

Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (PBL2008 §12-5 NR.5)

	Friluftsmål
---	-------------

Reguleringsplan- Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)

	Friluftsområde
	Friluftsområde i sjø og vassdrag
	Badeområde

Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)

	Faresone - Ras- og skredfare
	Faresone - Flomfare
	Faresone - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)
	Sikringsone - Andre sikringssoner
	Støysone - Raud sone etter rundskriv T-1442
	Støysone - Gul sone etter rundskriv T-1442
	Angittomsynsone - Bevaring kulturmiljø
	Bandlegging etter lov om kulturminne

§1 Føremålet med planen og reguleringsføremål

Planen legg til rette for etablering av nye fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur, ny avkøyring frå E134, samt sentrumsføremål.

§1.1 Området skal regulerast til fylgjande formål Bygningar

og anlegg jf. PBL § 12-5 nr. 1

- Fritidsbusetnad-frittliggjande
- Hotell/overnatting
- Skiløypetrasé
- Energianlegg
- Vassforsyningsanlegg
- Avlaupsanlegg
- Renovasjonsanlegg
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandlinje
- Uteopphaldsplass
- Leikeplass
- Bustad/forretning

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur PBL § 12-5 nr. 2

- Veg
- Køyreveg
- Gatetun
- Annan veggrunn – grøntareal/tekniske anlegg
- Parkeringsplassar

Grøntstruktur jf. PBL § 12-5 nr. 3

- Turdrag
- Turveg
- Friområde

Landbruks- natur- og friluftsområde og reindrift, jf. PBL § 12-5 nr. 5

- Friluftsføremål

Bruk og vern av sjø og vassdrag jf. PBL § 12-5 nr. 6

- Friluftsområde
- Friluftsområde i sjø og vassdrag
- Badeområde

Omsynssoner jf. PBL 12-6

- Faresone, ras og skred, steinsprang, H310
- Faresone, flaum, H320
- Faresoner, høgspenning, H370
- Sikringssone, andre sikringssoner, H190
- Støysone, raud sone, H210
- Støysone, gul sone, H220
- Forbodssone, vern av furetre, H540
- Oppgjeven omsynssone, bevaring kulturmiljø, H570
- Bandleggingsgrense, noverande, H730

§2 Fellesføresegner for heile planområdet

§2.1 Automatisk freda kulturminne

Dersom ein ved tiltak i marka støyter på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jfr. § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978. Kulturminnevernet uttalar:

Viser det seg først mens arbeidet er i gang at det kan virke inn på et automatisk fredet kulturminne på en måte som nevnt i kulturminneloven § 3 første ledd, skal melding etter første ledd sendes med det samme og arbeidet straks stanses i den utstrekning det kan berøre kulturminnet.

Vedkommende myndighet avgjør snarest mulig – og senest innen tre uker fra det tidspunkt melding er kommet fram til vedkommende myndighet – om arbeidet kan fortsette og vilkårene for det. (...)

§2.2 Utforming

- a) Det skal ikkje setjast opp gjerde i planområdet. Gjerde til sikring av utsette stadar eller langs hovudveggar skal vurderast av Vinje kommune i samband med søknad om rammeløyve.
- b) I bratt terreng er det høve til å lage støttemurar av naturstein til terrassering. Murhøgda skal ikkje overstige 3,0 m og bør ikkje overstige 2,0 m.
- c) For grøntanlegg og område som det er stilla krav om tilsåing, skal stadeigen plantemateriale i størst mogleg grad nyttast.
- d) I heile planområdet er det høve til å grave ned straumkablar og kommunaltekniske anlegg i samsvar med teknisk plan. Slike anlegg skal i størst mogleg grad følgje vegtraséane, subsidiært stiar og løypetrasear. Utbyggjar pliktar å utføre arbeida skånsamt slik at terrenget ikkje blir påført unødige inngrep.
- e) Brannhydrantar skal lokaliserast i høve til teknisk plan og maksimalt 250 m frå nye bueiningar, inntil køyreveggar av gjennomgåande standard «landbruksveg klasse 3». Hydrantane skal plasserast maksimal 0,5 m frå vegkanten og markerast med skiltpåle på minst 2 m over høgda til vegen.

§3 Krav til dokumentasjon

§3.1 Dokumentasjon til søknad om løyve til tiltak

- a) Detaljert utomhusplan i målestokk 1:500 for omsøkte tiltak innanfor bygningar skal syne:
 - Plassering av bygningar, kotehøgder ved inngangsparti og avkøyring frå veg
 - Uteopphaldsareal
 - Parkering
 - Tilkomst frå parkering til inngangsparti
 - Terrengsnitt på biloppstillingsplass og tilkomstveg
 - Eksisterande og nye høgdekoter, ev. punkthøgder
 - Terrengsnitt med eksisterande og nytt terreng
 - Overvasshandtering
 - Inngrepsfrie område
 - Traséar for anlegg i grunnen (VA- og straumtilkopling)
 - Sikringstiltak mot bratte skrentar, både terrengsikring og sikring mot fall
 - Bygg innanfor aktsemdsområde for flaum H320_ skal det dokumenterast flaumtryggleik for.
 - Det skal anvisast sno-opplagringsplass i utomhusplan

- b) Teknisk plan for heile planområdet i målestokk 1:1.000 skal syne:
- Kabelgrøfter og veglys, trafo og koplingskåp
 - Køyrevegar med oppbygging i snitt
 - Grøfter med vass- og avløpsleidingar, type og dimensjon på leiding, fordeler og tekniske installasjonar i forbindelse med VA-nett.
 - Lokalisering av brannhydrantar
 - Lokalisering og utforming av overvassanlegg (renner, kanalar, sluk, kummer, infiltrasjonsområde, fordrøyningsanlegg)
 - Skredsikringstiltak i høve til skredfagleg vurdering
 - Terrengsikringstiltak i høve til geoteknisk vurdering

§3.2 Dokumentasjon til søknad om løyve til bruk

Saman med søknad om ferdigattest skal det sendast inn:

- a) Oppmålingsdata etter gjeldande sosi-standard som inneheld:
- Plassering av bygg, yttervegg, mønelinje og takkant
 - Kantar i køyre- og gangvegar, plassar med fast dekke, terrassar
 - Murar
 - Anlegg i grunnen (straum, kommunikasjon, VA)
 - Kommunaltekniske installasjonar på bakkeplan
 - Vassgrøfter, basseng og andre vassanlegg
- b) Kart som samanstillar oppmålingsdata i punkt a og godkjent utomhusplan (jf. § 3.1.1) som tydeleg viser avvik mellom plan og ferdig situasjon
- c) Kart som samanstillar oppmålingsdata i punkt a) og godkjent teknisk plan (jf. § 3.1.2) som tydeleg syner avvik mellom plan og ferdig situasjon.
- d) Dokumentasjon for gjennomført revegeteringstiltak.

§4 Rekkefylgjføresegner og vilkår for gjennomføring

§4.1 Før oppretting av eigedommar

Tomtedeling skal søkjast om som ledd i søknad om rammeløyve i alle teigane.

§4.2 Før rammeløyve

- a. Godkjend teknisk plan i samsvar med dokumentasjonskrav i §3.1. Denne skal fylgje krava gjeve i generelle føresegner.
- b. Dokumentasjon elles i samsvar med § 3.1. Dei tema som er relevante for det omsøkte tiltaket skal dokumenterast.
- c. Før det vert gjeve rammeløyve må det dokumenterast at det er tilstrekkeleg kapasitet til drikkevatt og sløkkjevatt. Drikkevatt skal vere hygienisk betryggande. Det må føretakast kapasitetsanalyse på leidningsnett og forsyningsanlegg for å vise at krav i teknisk forskrift vert oppfylt vedk. sløkkjekapasitet ved brann.
- d. Før første nye bueining innan BFF1 (Stiftelsen Hydro Feriesteder) kan byggast ut skal det utarbeidast situasjonsplan i høve til Teknisk forskrift. Denne skal syne området utbygt heilheitleg. Situasjonsplanen skal godkjennast i samband med første søknad om tiltak innan BFF1.

§4.3 Før igongsetjingsløyve

- a) Dokumentasjon i samsvar med § 3.1

§4.4 Før busetnad blir gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest

- a) Dokumentasjon i samsvar med § 3.2
- b) Det skal vere brannhydrantar med avstand minimum 250 m før nye bueiningar kan takast i bruk.

§4.5 Før bygging av ny avkøyering frå E134

- a) Innanfor planområdet kan inntil 25 nye einingar få ferdigattest før nytt kryss mellom Arbuneset og E134 er utbetra i samsvar med ny reguleringsplan.
- b) Dokumentasjon i samsvar med Statens Vegvesen sine krav til byggjeplanar for europavegstandard.
- c) Byggjeplan skal utarbeidast for avkøyringsløyvinga.
- d) Før byggjearbeidet startar skal byggjeplanen vera godkjend av Statens Vegvesen.

§4.6 Kryssing av skiløype på nordsida av Arbuvatn

- Det skal etablerast ei enkel bruløysing over Arbustubben, som ein del av langrennsløypenettet, der løypemaskin på sikker måte kan krysse vassdraget, jfr. innteikna løypetrace på plankartet.
 - Løypetilkopling frå Arbuvollen og ned til vassdraget kan bli opparbeidd sommar 2023. Løypetilkopling/brubygging skal etablerast innan sommar 2024.
- Infrastrukturtiltak som skiløype og bru skal etablerast med skånsam terrenghandsaming og god tilpassing ned mot vassdraget.

§4.7 Parkering for ålmenta

Minst 20 parkeringsplassar for ålmenta på SPP2 skal bli opparbeidd innan vinteren 2024/2025.

§4.8 Vasseventyret

Nye røygater og liknande skal anleggjast hausten 2023/sommar 2024.

§4.9 Vasseventyret II

Det skal opparbeidast sti i turdraget (GTD) langs strandlinja av Eivindbuvatnet, jfr. detaljplan-kartet (ikkje UU-standard). Opparbeidinga skal starte sommar 2024, ferdigstilling innan ein kan oppføre meir enn 20 hytter på sørsida av vassdraget. Stien tilpassast naturleg i terrenget og utformast som ein vedlikehaldsfri versjon, utan klopper/bruer, og utan universell utforming.

§5 Føresegner til arealføremåla

§5.1 Bygningar og anlegg (PBL§ 12-5 nr. 1)

§5.1.1 Generelle føresegner

- a) Til søknad om byggeløyve skal det utarbeidast ein situasjonsplan for kvar tomt/kvart byggjeprosjekt, som syner køyretilkomst, plassering av bygningar, eksisterande og nytt terreng med korrigererte høgdekoter og punkthøgder, biloppstillingsplassar, uteoppfallsområde. Det skal leverast terrengsnitt gjennom bygning og tilkomst. Det skal leverast terrengsnitt med eksisterande og nytt terreng på alle 4 sider av bygningen, biloppstillingsplass og tilkomstveg.

- b) Fellesanlegg og felles uteområde skal utformast etter prinsippa om universell utforming.
- c) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogleg grad takast vare på.
- d) For alle tiltak i byggeområda skal det dokumenterast at stabiliteten er tilstrekkeleg både for anleggsfasen og i permanent samanheng. Eventuelle trong for sikring skal vere dokumentert av fagkyndig.
- e) Innafor alle teigane BFF er det høve til å drive utleige av fritidsbustadar.
- f) Det skal etablerast 2 biloppstillingsplassar per bueining over BRA=80 m² og 1,5 biloppstillingsplassar per bueining med BRA=80 m² eller mindre. Bueiningar med BRA=40 m² eller mindre skal ha minst 1,0 biloppstillingsplassar. Snuplass for bil skal etablerast på eige tomt, for å hindre at det blir rygga ut i vegen for å snu.
- g) Alle bygningar skal vere av tre med ståande eller liggande kledning eller laft. Bygningane skal ha jordfargar.
- h) Takkonstruksjonen skal vera saltak med takvinkel mellom 27 –34 grader. Taktekking skal vera torv, tre, sedum.
- i) Solcellepanel på tak er tillete med ikkje-reflekterande overflate.
- j) Når nye einingar vert knytt til eksisterande vassleidning, skal dette gjerast på ein hygienisk forsvarleg måte.
- k) Plassering av avkøyring er synt med piler i plankartet. Dersom det skal fråvikast må det dokumenterast i byggjesøknaden og beskrive kvifor det gjev ei betre løysing.
- l) Innafor reguleringsføremlå Pbl §§ 12-5 nr. 1, nr. 2, nr. 3 kan det byggjast teknisk infrastruktur til dekninga av nødvendige tiltak innan planområdet. Det same gjeld innanfor føremåla «køyreveg og annan vegggrunn».
- m) Utandørs lys skal avgrensast og det kan monterast maksimalt 3 ljospunkt pr. frittliggjande fritidsbustad. Utandørs ljospunkt skal vere montert på vegg, og ha ein skjerm slik at berre bygget og det næraste terrenget lysast opp. Ljoskjelder som lyser utover og oppover, samt blendar, er ikkje tillate.

§5.1.2 Fritidsbusetnad – frittliggjande, BFF1 («Stiftelsen Hydro Feriesteder»)

- a) Rekkefølgekrav i samsvar med § 4.2.d).
- b) Innafor teigane BFF1 kan det etablerast i alt inntil 6 bygningar med BYA på inntil 120 m² med 2 einingar i kvar. Mønehøgde inntil 6 m over gjennomsnittleg eksisterande terreng. Takvinkel mellom 25 og 35 grader. Alternativt kan 1 eller fleire av desse 6 bygningane oppførast med berre 1 bueining. Det kan også, i tillegg til dei 11 eksisterande, etablerast i alt inntil 9 nye einingar med fotavtrykk på inntil 80 m². Mønehøgde inntil 6 m over gjennomsnittleg eksisterande terreng. Takvinkel mellom 25 og 35 grader.
- c) Det er høve til å etablere sokkeletasje, dersom terrenget på tomta fell med minst 1:4 eller meir. Det skal etablerast sokkeletasje, dersom terrenget innanfor den tiltenkte byggjegropa fell med 1:3 eller brattare.
- d) Total bygningsbreidde på tvers av høgdekotene kan vere maksimalt 7 m. Ved terrengfall på meir enn 1:4 skal breidda vera maksimalt 5 m.

§5.1.3 Fritidsbusetnad – frittliggjande, BFF2 («Arbustøylen»)

- a) Samla utbygting pr tomt skal ikkje overstige høvesvis 30, 25 og 20%, jfr. tabell nedanfor pkt. §5.1.2e).
Største bygning pr. tomt skal ikkje overstige BYA=110m². Det er høve til å etablere 2 separate bygg per tomt, der andre bygg i tillegg til hovudbygg ikkje skal overstige BYA=30m².

Arbustøylen i Vinje kommune - Reguleringsføresegner

- b) Mønehøgd skal ikkje overstige 6 m for tomter med 30 % utnytting, og 7,0m for tomter med 20-25 % utnytting. Anneks/uthus kan ha maks. 4 m. Alle målt frå gjennomsnittleg eksisterande terreng.
- c) Det er høve til å etablere sokkeletasje.
- d) Byggets totale breidde på tvers av høgdekotene skal vere maksimalt 7 m. På tomter med total utnytting på 20 % kan bygg maksimalt vera 5m breie på tvers av høgdekotene.
- e) Utnyttingsgrad, BFF2:

TOMT NR.	UTN.GR. 20 %	UTN.GR. 25 %	UTN.GR. 30 %	EKS. TOMT – E NY TOMT – N	Merknad
21--11			30X	NE	moh
2-2			X	E	
2-4			X	E	
2-5			X	N	
2-6			X	E	
2-7	X			N	
2-8			X	E	
2-9		X		N	
2-10			X	E	
2-11		X		N	
2-12			X	E	
2-13	X			N	
2-14			X	E	
2-15			X	N	
2-16		X		E	
2-17		X		E	
2-18		X		E	
2-19		X		N	
2-20			X	E	
2-21			X	N	
2-22		X		E	
2-23		X		E	
2-24		X		E	
2-25			X	N	
2-26	X			E	
2-27			X	N	
2-28		X		E	
2-29			X	E	
2-30	X			N	
2-31		X		E	
2-32				E	
2-33		X		E	
2-34			X	N	Inntil 3 buein.

Arbustøylen i Vinje kommune - Reguleringsføresegner

Stortomt	20%	25%	30%	NY/EKSIST.	Max. ANTAL EININGAR
2-1			X	N	2
2-2			X	N	2
2-3			X	N	2
2-4			X	N	4
2-5			X	N	4
2-6			X	N	8
2-7			X	N	3

§5.1.4 Fritidsbusetnad, BFF3 («Arbuodden»)

- a) For områda innan BFF3 er det utarbeidd volumstudie med utgangspunkt i ein utforma modul. Denne skal tena som «Formingsrettleiar» for vera førande for hytteutforming i alle teigane, Tomtene A-L. Den enkelte tomt (A-L) skal prosjekterast heilskapleg. Samla dokumentasjon til søknad om tiltak skal syne detaljert lokalisering og utforming av bygningar, infrastruktur og tekniske anlegg. BYA, eks. parkering, kan vera maksimalt 80 m² pr. bueining.
- b) Kvar bueining skal ha minst 1,5 parkeringsplass. 1 plass kan settast av på eigen grunn/i tunet ved kvar eining. Parkeringsdekning på 0,5 plass skal dekkast opp på felles parkeringsplass innafor teigane «Tomt A-L».
- c) Mønehøgde maksimalt 6,0 m. Takvinkel 27-38 gr. Tekkjematerialar skal vera tre, torv, sedumtak. Solcellepanel kan monterast på takflater.
- d) Utnyttingsgrad:

Teig	Tomt m ²	Maksimalt tal på einingar
A	1.900	3
B	2.000	4
C	1.500	4
D	2.500	5
E	1.300	4
F	2.200	7
G	1.800	5
H	2.500	6
I	500	1
J	1.100	2
K	900	2
L	1.400	8
SUM	17.100 m²	51

§5.1.5 Fritidsbusetnad – frittliggjande, BFF4 («Arbulia»)

- a) Største bygning pr tomt skal ikkje overstige BYA=130m². Det er høve til å etablere inntil 3 separate bygg per tomt, der andre bygg i tillegg til hovudbygg ikkje skal overstige BYA=30m².
- b) Mønehøgde på hovudbygg skal ikkje overstige 6,0m, anneks kan ha maksimalt 4,5 m mønehøgde, målt frå gjennomsnittleg eksisterande terreng.
- c) Det er høve til å ha sokkeletasje der terrengfallet tilseier det.

§5.1.6 Hotell/overnatting BH

- a) På området kan det byggjast bygningar for hotell/varig opphald, bustad, og for fritid.
- b) Maksimal møne- eller gesimshøgde (ved flatt tak/pulttak) over gjennomsnittleg eksisterande terreng skal ikkje vera over 8,5m. Det er høve til å nytta sal-, pult- eller flatt tak.
- c) Det er høve til å etablere underetasje med parkeringsanlegg, under eller inntil bueiningane.
- d) Utnyttingsgraden kan vera opptil BYA 500 m². Maksimalt antal bueiningar 10, min. 4.

§5.1.7 Skiløype BSF

- a) Det er høve til å etablere skiløype/gang/sykkelveg med fast dekke i ei breidde på inntil 3 m, 6 m for skiløype utan terrengbehandling og ryddebreidde for vegetasjon på 8 m.
- b) Det er høve til å etablere ljosanlegg.
- c) Teknisk infrastruktur kan leggjast innan arealføremålet.

§5.1.8 Energianlegg BEV

Ingen føresegner

§5.1.9 Vassforsyningsanlegg BEV

- a) Bygningar skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 4,5 meter.
- b) Bygningar skal ikkje vere større enn BYA=20 m².

§5.1.10 Avlaupsanlegg BAV

- a) Bygningar skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 4,5 meter.
- b) Bygningar skal ikkje vere større enn BYA=20 m².

§5.1.11 Renovasjonsanlegg BRE

- a) Innan området kan det byggjast oppsamlingsplass/bu for returpunkt knytt til Renovest. Maksimalt BYA=30 m², mønehøgde maksimalt 4,5 m, med trekledning.

§ 5.1.12 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag BBS

- a) Det kan etablerast bryggeanlegg for kano og kajakk.

§5.1.13 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone BSB

- a) Det kan etablerast bryggeanlegg og anlegg på land for båtopplag for småbåtar.

§5.1.14 Uteoppholdsareal BUT

- a) Arealet er eit utsiktspunkt og det kan ryddast vegetasjon og plassen kan tilretteleggast med bord, benkar og bålplass.

§5.1.15 Leikeklass BLK

- a) Avsett leikeareal kan utstyrast med relevante leikeapparat tilpassa den aktuelle brukar-gruppe, gitt at dett er ein leikeklass til fjells.

§5.1.16 Sentrumsføresmål, anlegg kombinert med andre oppgjevne føremål BBF

- a) Det kan etablerast og drivast kiosk, butikk, kafé og serviceverksemd retta mot reiselivet.
- b) Innafor føremålet kan det og etablerast dagparkering for gjester/kundar.
- c) Det er høve til å bruke føremålet til utleigehusvære. Heile teigen skal inngå i ein samla situasjonsplan og den skal godkjennast av PMU i Vinje kommune.
- d) Bygningsmasse skal ikkje overstige 12 m i mønehøgde frå dagens over gjennomsnittleg eksisterande terreng.
- e) Det er høve til å nytte pult- eller flatt tak.
- f) Maksimal samla BYA=400 m².

§5.2 Samferdsleanlegg, vegserviceanlegg og teknisk infrastruktur

§5.2.1 Veg, o SKV1 E134

- a) E134, køyreveg med passeringslomme og dropeøy.
- b) Det er høve til å etablere vegljøs.

§5.2.2 Køyreveg, p SKV2 (veg til Arbuneset)

- a) Køyrebana kan vera inntil 5,0 m mellom E134 og brua, deretter inntil 4,5 m og ha fast dekke og møteplassar.
- b) Det er høve til å etablere vegljøs.

§5.2.3 Køyreveg, p_SKV3, 4, 5,

- a) Køyrebana kan vera inntil 3,5 m, ha fast dekke og møteplassar.
- b) Det er høve til å etablere vegljøs.

§5.2.4 Køyreveg, p_SV 1-5

- a) Køyrebana kan vera inntil 3,0 m, ha fast dekke og møteplassar.
- b) Det er høve til å etablere vegljøs.

§5.2.5 Gatetun GT1

- a) Innan gatetunet kan tilretteleggjast for parkering, oppførast sekundærbygningar som bilhus, skibu, vedskjol, og liknande.

§5.2.6 Annan veggrunn – grøntareal/tekniske anlegg

- a) Arealet innanfor føremålet kan brukast til terrenginngrep som er naudsynt til etablering av trafikkanlegg.
- b) Det skal ikkje leggjast til rette for bilparkering.
- c) Terrenget skal revegeterast innan eitt år etter at trafikkanlegget inntil er ferdigstilt. d) Føremålet skal vere privat.

§5.2.7 Parkeringsplassar SPP1-20 med bestemmelsar

- a) Arealet innanfor føremålet kan brukast til dedikerte parkeringsplassar for plassar.

§5.2.8 Parkeringsplassar SPP1, 2 og 3

- a) Arealet innanfor føremålet kan brukast til dedikerte parkeringsplassar for dagparkering, Stiftelsen (BFF1 og for BFF).

§5.3 Grønstruktur

§5.3.1 Turdrag GTD

- a) Sti med breidde på 2,0 m med liten grad av opparbeiding. Offentleg tilgjenge. Sti GTD frå SKV2 fram til BAV2 (pumpestasjon) kan vera køyrbar med bil og kan brøytast for heilårleg vedlikehald av teknisk infrastruktur.

§5.3.2 Turveg GT

- a) Teigen GT skal vere eit gangsamband. Mellom SPP16 og VB1 skal vegen ha UU-standard.
- b) Det er høve til å tilrettelegge tilkomsten som køyrbar gangveg. Køyning skal berre vere mogleg for køyretøy involvert i drift og vedlikehald.
- c) Det er høve til å endre terrenget slik at funksjonen kan oppretthaldast. I barmarksesongen skal føremålet ha eit grønt preg med ein grusa sti.

§5.3.3 Friområde GF1 og 2

- a) GF1: Friområde med små tilrettelegginga for bading og rekreasjon, båtliv.
- b) GF2: Parkmessig område med tilrettelagde opplevingsområde, stiar, rasteplassar, fiskeplass, bål plass og liknande «Vasseventyret».

§5.4 Landbruk- Natur- og Friluftsområde og Reindrift LF

- a) Friluftsføremål med liten grad av tilrettelegging. Skjøtselsplan for vegetasjonen skal lagast.

§5.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag VFV, VB1 og 2

5.5.1 Friluftsområde

- a) Ingen føresegn. VFV

5.5.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag

- a) Vassdraget Kjela, VFV. Vassmiljøet skal ikkje forringast av tiltak.

5.5.3 Badeområde VB1 og 2

- a) Bade- og vassaktivitetar, VB. Tilrettelegging for bading og aktivitetar i vassdraget.

6. Omsynssoner

6.1 Faresone, steinsprang, H310

Innan omsynssona kan det ikkje utførast terrengarbeid, snauhogst eller bygging av noko slag.

6.2 Faresone, flaum, H320

Flaum skal vurderast ved søknad om tiltak innanfor omsynssona.

6.3 Faresone, høgspenningsanlegg, H370_

Byggeforbod rundt nettstasjon på 5 m.

6.4 Sikringszone, andre sikringssoner, VA, VA-grøft, H190_2

Innanfor omsynssona skal det ikkje gjennomførast tiltak, som kan vere til skade for VAleidningar i bakken. Eigar av VA-anlegget skal kontaktast føre tiltak gjennomførast. Det skal ikkje etablerast bygningar for varig opphald.

6.5 Støysone – Raud sone, H210

Byggeforbod innan sona.

6.6 Støysone – Gul sone, H220

Byggeforbod innan sona.

6.7 Forbodssone- verna furetre, H540

Inngrep i terreng som kan skada tre eller røtar innafor 5 m radius er ikkje tillete.

6.8 Omsynssone, bevaring kulturmiljø, H570 Kulturminne

må ikkje påførast fysiske tiltak.

6.9 Omsynssone, restriksjonssone for drikkevasskjelde, H110, 50 m frå vasskanten.

I denne sona er det ikkje høve til å setje i verk tiltak som kan forureine vasskjelda Eivindbu-vatn:

Nye bygg er forbode innanfor sona. Forbode omfatar ikkje utviding eller fornying av eksisterande hytter, oppsetting av annekser eller bodar ved eksisterande hytter, eller gjenoppføring av hytte etter brann. Om det blir søkt om tiltak innanfor omsynssona vil tiltakshavar måtte dokumentere at tiltaket ikkje forureinar drikkevassvatnet før løyve kan gjevast. Dersom grave-/anleggsarbeid kan føre til forureining i Eivindbu-vatn eller vassdraget nedstrøms må det iverksettast førebyggjande tiltak. Lagring av oljeprodukt i større mengde enn 200 liter er forbode. Lagertank/dunkar skal plasserast under tak og over bakkenivå. Lagringsplassen skal vere avlåst og lett å inspisere for eventuelle lekkasjar. Bruk og lagring av plantevernmiddel er forbode. Spreiing og frilandslagring av gjødsel er forbode. Anlegg av vegar er forbode.

6.10 Bandlegging etter lov om kulturminne, H730.

Kulturminne er freda inntil det eventuelt er oppheva freding, etter søknad. Automatisk freda kulturminne. Arbeid og tiltak som kan føre til at automatisk freda kulturminne blir skadd, dekt, skjult eller på annan måte skada, er ikkje tillete, jfr. Kulturminneloven §3, utan at det er lovleg etter Kulturminneloven §8.

Valle/Vågsli den 16. februar 2022

Plankontoret Hallvard Homme AS

Valle/Vågsli, vedteke i kommunestyret den 14. sept. 2023.

Arbustøylen i Vinje kommune - Reguleringsføresegner

Varsel om oppstart av planarbeid:	9. februar 2021
1. g. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	20. august 2022
Utlagt til offentlig ettersyn i tidsromet:	12.10.2022 - 23.11.2022
2. g. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	26. april 2023
Ny 2.g. handsaming etter pålegg frå kommunestyret:	6. sept. 2023
Handsama i Vinje kommunestyre første gong:	27. april 2023
Handsama i Vinje kommunestyre andre gong:	14. sept.2023
Klagehandsama i planutvalet	23. mars 2024